

Nynorsk mediesenter

Status 01. 02. 2005



Stolt nynorsk

Dyktig

Frodig

Framfus

Nynorsk mediesenter i godt gjenge

Det fyrste kullet med praktikantar i Nynorsk mediesenter har reist frå Førde, og det andre kullet er snart klart for praksis i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane. - Nynorskpraktikantane har tilført sendingane våre mykje. Dei leverer godt gjennomarbeidde saker, dei er motiverte til å gjera ein god jobb og dei er ein viktig sosial faktor på huset, seier distriktsredaktør Kai Aage Pedersen i NRK Sogn og Fjordane.

Frå ungar til familiemann

- Akkurat no er eg mest bekymra for korleis me skal klare oss utan dei unge og lovande journalistane, som har vorte så viktige for oss. Det kan bli litt stussleg når dei reiser til andre arbeidsplassar, men trøsta er at det stadig kjem nye praktikantar til redaksjonen vår, seier Pedersen.

Han samanliknar det å få Nynorsk mediesenter i hus med å gå frå å vere ungar til familiemann på eitt år. – Plutseleg er det fleire som stiller krav til oss, på godt og vondt. Det kan vere slitsomt, men det skjerpar oss. NRK Sogn og Fjordane har lange tradisjonar for å drive opplæring, og no er me endå meir ein lærestad. Eg har inntrykk av at dei tilsette likar å ause av kunnskapane sine til unge, læreviljuge praktikantar, seier distriktsredaktøren i NRK Sogn og Fjordane.



Dei to fyrste kulla og tilsette i Nynorsk mediesenter 3.januar 2005: Framme frå venstre: Eli Vaage, Ingebjørg Bø, Birte Njøsén Horne, Solveig Hareide og Janne-Marit Myklebust. Andre rekkja: Knut Åge Teigen, Inger Johanne Sæterbakk, Maria Rivedal, Svein Ove Hansli og Eli Bjelland. Bak står faglærarane Synnøve Hole, Arild Nybø, Randi Indrebø og leiar Magni Øvrebotten.

To kull samstundes

Januar 2005 var fyrste og einaste gongen det var to kull med praktikantar i Nynorsk mediesenter samstundes. Det var for at vi skulle kome i rute med start i januar og september kvart år.

Ved nyttår byrja eit reint jentelag som nynorskpraktikantar: *Ingebjørg Bø*, 27 år, frå Bø i Telemark, *Solveig Hareide*, 21 år, frå Florø, *Birte Njøsén Horne*, 20 år, frå Florø, *Janne-Marit Myklebust*, 23 år, frå Ørsta og *Eli Vaage*, 20 år, frå Ostereide. Dei seier dette om fyrste tida si ved Nynorsk mediesenter:

Janne-Marit: - Når eg ser kor langt det første kullet med nynorskpraktikantar har kome, kan eg nesten ikkje vente med å setje i gang med å lage reportasjar.

Ingebjørg: - Eit utfordrande og spanande halvår har nett starta, med dyktige lærarar og tilsette til å rettleie oss.

Eli: - Det vert krevjande, men det er det vel verdt, trur eg.

Eg følte eg hadde lært noko etter berre få dagar. Det kjennest godt.

Solveig: - Det har vore utruleg hektisk, men samstundes lærerrikt og triveleg. Eg har store forventningar !

Birte: - Det er har vore mykje nytt, mykje informasjon, mykje arbeid og mykje moro så langt.



– Når desse fem jentene var dei som gjorde det best i studiotest og jobbintervju, valde eg å tenkje rekruttering av folk til barne- og ungdomsprogram denne gongen. Der er det ikkje noko lyte å vere ung, og dessutan er det særst få nynorskbrukande medarbeidarar i den typen program, seier Magni Øvrebotten, leiar for Nynorsk mediesenter.

Dette kullet skal ha praktisk opplæring i redaksjonen til NRK Sogn og Fjordane ut april, deretter skal dei i to månaders praksis i andre redaksjonar, før dei må syte seg sjølv. Det er NRK som driv Nynorsk mediesenter, men det er korkje bindingstid eller garanti om arbeid etter at halvåret med opplæring er over. Praktikantane har løn under opplæringa, og senteret har eit budsjett på vel 3,5 millionar kroner i 2005.



Fyrste kullet, som starta 1. september 2004, er ferdige som nynorskpraktikantar 1. mars. *Eli Bjelland* er i praksis i TV2-nyhenda i Bergen, *Knut Åge Teigen* i NRK Møre og Romsdal, *Svein Ove Hansli* i Dagsnytt, *Maria Rivedal* i Petre NÅ og *Inger Johanne*

Sæterbakk i Norgesglaset. Deira oppsummering etter fem av seks månader er:

- Sjølvtilitt er viktig

Eli Bjelland (23 år) trur at det viktigaste ho har lært er å ha meir tru på egne evner. – Sjølvtilitt er utruleg viktig i dette yrket. Det har eg lært.

Ho meiner den mest påfallande skilnaden på å lære journalistikk på medieskular og i Nynorsk mediesenter, er intensiteten og den omfattande praksisen. – Eg trur ein lærer mest av å praktisera, og det gjer vi til gagns her i Førde.

- Vi får ansvar

Knut Åge Teigen (34 år) hadde mange år som student og lærar bak seg då han kom til Nynorsk mediesenter. – Det som skil opplæringa her frå anna opplæring er den korte vegen frå teori til praksis. Vi må fort syne at vi kan omsetje teori til innslag i radio - og fjernsyn. Dessutan får vi snøgt mykje ansvar. Lærarar og vaksjefar stolar på at vi lagar dei sakene vi er spurde om. Det er inspirerande å få slik tillit.

- Lystbetont læring

Svein Ove Hansli har alt fått seg arbeid etter avslutta praksis. Han skal vere video- og nettjournalist i NRK Sogn og Fjordane i eitt år framover. Han kan kalle seg videojournalist når han er ferdig som nynorskpraktikant. – Eg tykkjer eg er svært privilegert som har fått denne opplæringa. Det krev mykje jobbing, men det er lystbetont, seier Hansli.



- Utruleg tolmodige

Maria Rivedal (23 år) tykkjer at dei tilsette i NRK Sogn og Fjordane har teke mot nynorskpraktikantane over all forventning. – Dei har vore utruleg hjelpsame og tolmodige. Dei er opne for innspela våre og tek oss på alvor. Både sosialt og på arbeid har vi vore ein av dei, seier Maria Rivedal.

Ho kjenner seg og betre rusta for bokmålsverda som ventar, etter fem månader i ”nynorsksona Sogn og Fjordane”.



- Fy søren, eg er heldig !

Dette var Inger Johanne Sæterbakk (23 år) si kjensle fyrste dagen, då opplegget for praktikanttida vart lagt fram. Det har vore hardt og krevjande, med opp og nedturar, men fyrst og fremst har det vore lærerikt og kjekt. Ho gløymer aldri fyrste direkterapporten på HF, frå Naustdal dampbakeri. Ho sov mest ikkje heile natta i frykt for å forsove seg til

morgonsendinga. – Men det gjekk så bra. Eg prata i veg med intervjuobjektet og programleiaren i studio, skildra alt eg såg, lukta og smakte. Då eg kom heim til redaksjonen var vaksjefen kjempefornøgd !

Alle er imponerte

Dei fem månadane fyrste kullet var i Førde laga dei over 200 saker for radio og vel 40 for fjernsyn. På riksnettet i NRK hadde dei 28 innslag i radio og ti i fjernsynet. - Den store produksjonen deira syner at dette er folk som fort tek til seg kunnskap og evnar å setje han ut i livet. Det er imponerande kva dei har fått

til, særleg når vi hugsar på at dei byrja fyrste september i fjor, utan røynsle med dette faget, seier Magni Øvrebotten.

Dei røynde journalistane Synnøve Hole og Arild Nybø har vore lærarar for fyrste kullet. Arild Nybø oppsummerar det slik :

– Det har gått over all forventning. Målet var at dei etter opplæringa her skulle kunne gå inn som fullverdige redaksjonelle medarbeidarar i nyhende- og magasinredaksjonar i radio, fjernsyn og Internett. Det målet meiner eg vi har nådd. Fleire av dei kan endåtil fotografere og redigere sakene sine sjølv, sjølv om vi ikkje har sett det som eit krav. Dei redaksjonane som er så lure at dei tilset desse, får både i pose og sekk.



Synnøve Hole er overtydd om at vi kjem til å høyre og sjå att det fyrste kullet frå Nynorsk mediesenter. – Dei er framleis så unge at det er vanskeleg å seie kvar dei hamnar, men at fleire av desse er framtidige NRK-medarbeidarar er eg ikkje i tvil om. Eg er imponert over kor dei tileigna seg kunnskap i rekordfart. Det er kjekt å vere lærar med slike elevar. For meg har det vore inspirerende å vere med å skreddarsy eit undervisningsopplegg som det ikkje finst maken til, seier Hole.

Synnøve Hole hadde berre lova å vere med som lærar til jul, men tykte arbeidet var så kjekt at ho forlenga kontrakta og blir med til andre kullet er ferdig i Førde i april. Men då vil ho attende til aktiv journalistikk i NRK Møre og Romsdal på heiltid, no er ho 60 % lærar og 40 % journalist.



Randi Indrebø og Synnøve Hole.

Randi Indrebø tok over som faglærar etter Arild Nybø, som slutta for å bli informasjonsmann i Helse Førde.

Randi Indrebø har vore fotograf og redigerar i NRK Sogn og Fjordane i mange år.

Faglærarane våren 2005:

Våren 2005 er det altså berre kvinner i Nynorsk mediesenter. – Men det er rikeleg med menn i NRK Sogn og Fjordane, så vi vert ikkje noko kvinnereir, seier Magni Øvrebotten. Ho understrekar likevel at det beste er ei jamn fordeling av kvinner og menn i praktikantkulla, og håpar at mange menn vil søkje til hausten. Til den tid må det og vere på plass to nye lærarar, med rot i journalistikken. Både lærarjobbane og praktikantstillingane vert lyste ut i mars/april.

Gjesteførelasarar

I tillegg til lærarane, dei tilsette i NRK Sogn og Fjordane og nynorsk konsulentane i NRK, får nynorskpraktikantane kunnskap frå ulike gjesteførelasarar. Førelasingane handlar om ulike emne innan journalistikk, media, nynorsk og språkhistorie.



Døme på gjesteførelasarane for fyrste kullet: Humorist Are Kalvø om humor, direktør Ottar Grepstad, Nynorsk kultursentrum, om språkhistoria, 1. amanuensis Jan Olav Fretland, Høgskulen i Sogn og Fjordane, om dialektar og normering, journalist Morten Sandøy, TV2, om programleiarrolla, journalist Jørgen Lyngvær, om nynorsk i Dagsnytt, Ingunn Solheim/Håvard Kleppa, Kanal24, om å vere ung og nynorskbrukar i kommersielle kanalar, banksjef Arve Sandal gav innføring i Sogn og Fjordane før praksis, journalist Linda Eide om "God radio" og høgskulelektor Audgunn Oltedal om journalistikk og etikk.

Det er og lagt inn besøk i ulike avdelingar i NRK Marienlyst, på Aasentunet, Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret. Styrevedtaket om Nynorsk mediesenter seier at " det skal ivareta de særlige oppgavene som Førde har i forhold til nynorsk språk og kultur". Det inneber at praktikantane må få ein "høgare himmel" over nynorsken, seier Magni Øvrebotten.

Kurstilbodet

- Munn og mæle

Kursverksemda er den kommersielle delen av Nynorsk mediesenter, som skal skaffe inntekter til drifta av senteret. Løyvingane frå NRK skal *ikkje* brukast til kursverksemd.

Vi kan tilby kurs i språk, medietrening, formidling og Internett. Kursa vert marknadsførde under omgrepet **Munn og mæle**. Vi ynskjer å gje kursdeltakarane kunnskap og trening i media og dialekt/nynorsk, i von om at det gjer dei trygge og frimodige nok til å våge seg frampå i samfunnsdebatten, som vert meir og meir styrd av media.

Nynorsk mediesenter har vore i full drift frå 1.september 2004, og fyrste tida har vi lagt vekt på å få praktikantordninga opp og stå skikkeleg. Kurstilbodet må byggjast ut etter kvart, og i tillegg til eigne ressursar leiger Nynorsk mediesenter inn kurshaldarar alt etter kva kurs det er spørsmål etter. Vi held kursa i Førde eller der oppdragsgjeveren ynskjer å ha dei.



I 2004 hadde Nynorsk mediesenter to kurs for Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, eitt om skrivning for Internett, det andre i medietrening. Det var tolv deltakarar på b e kursa.

Magni Øvrebotten hadde nettkurset "Kva kan de lære av tabloidane?"  leine, og kurset "N r media st r p  d ra", saman med Inge Kjell Holme. Han var journalist i NRK i mange  r, og er no mediel rar ved Sogndal v.g. skule. Tilbakemeldinga var god :

- Eg vil takke Nynorsk mediesenter for l reri t kurs i medietrening. Kursleiarane viste store kunnskapar om media og formidla desse p  ein god m te. Intervjua med kvar deltakar, saman med den felles gjennomgangen, gjorde oss tryggare p  korleis vi kan st  fram i media.

Kursansvarleg Endre Frimanslund, p  grunnlag av tilbakemeldingane fr  deltakarane.

Som ein **kuriositet** nemner vi at Norge.no k ra nettsidene til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til   vere blant dei beste offentlege nettsidene i landet i fjor (Sogn Avis 18.01.05).

I februar/mars skal Nynorsk mediesenter ha kurs i medietrening med Matilsynet i Sogn og Fjordane, og kurse listetoppene til Senterpartiet her i landet framfor stortingsvalet. Dei skal vurderast ut fr  presentasjon og evne til   n  fram til folk. Det er interesse fr  fleire organisasjonar og verksemder om kurs i presentasjon og medietrening. Her er det ein marknad vi f rebels ikkje har hatt kapasitet til   g  inn i for fullt, men som vi tek tak i etterkvart.

"Stolt nynorsk"

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og spr ket sitt.

Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og p  Internett gjer oss stolte av spr ket v rt og r tene v re. Vi skal ale opp fleire gode nynorskbrukande f red me i etermedia. Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiding av nynorsk identitet og spr kleg godtaking enn radio og fjernsyn.



Fr  opninga av Nynorsk mediesenter 2.sept. 2004. Fr  venstre : Inger Johanne S terbakk, Svein Ove Hansli, Knut  ge Teigen, Eli Bjelland og Maria Rivedal. Bak dei st r kulturminister Valgerd Svarstad Haugland, som opna senteret, og leiaren Magni Øvrebotten. (Foto: Hans T. Wiig, NRK)

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til   bruke spr ket sitt, og s leis auke det spr klege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.

”Dyktig - frodig – framfus”

Dette er dei verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere, og kva som skal prege både dei som arbeider her og dei som får opplæringa si ved senteret.

Det skal vere *kvalitet* i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere *dyktig* for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet. Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

Løvetanna

er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren som har laga det, og heile design-programmet til senteret. Ho arbeider i Gasta reklamebyrå i Sogndal, som er eitt av dei få reklamebyråa i landet som nyttar nynorsk.



Slike statusrapportar som dette er det meininga å lage tre-fire av i året. Vi sender dei til ulike avdelingar og leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar og andre som spør etter korleis det går med oss. Ynskjer du kontakt, sjå adresser og telefonnummer nedanfor.



Journalist og humorist Linda Eide kåserte om livet som nynorskjournalist på opninga.

POSTADRESSE:

Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no

